

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
065/15	Levekårsutvalet	PS	10.11.2015
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Atle Vaage	14/6934

Prioritering av søknadar om tilskot frå spelemidlane, søknadsomgang 2016 **Priotering av spelemidlar, politisk handsaming**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune prioriterer dei aktuelle søknadane om spelemidlar for 2016 slik:

Ordinære anlegg:

Prioritet 1: Alversund kunstgrasbane

Prioritet 2: Eikanger Idrettslag, rehabilitering skianlegg Gamlesætra

Prioritet 3: Eikanger Idrettslag, skileikanlegg Gamlesætra

Prioritet 4: Lindås skyttarlag, skytebane

Prioritet 5: Lindås Idrettspark kunstgrasbane med lysanlegg (ny søknad)

Prioritet 6: Lindås Idrettspark delanlegg friidrett (ny søknad)

Prioritet 7: Knarvik Idrettspark, rehabilitering friidrettsanlegg (ny søknad)

Prioritet 8: Storstova Leknes (ny søknad)

Prioritet 9: Fleirbrukshall Alversund (ny søknad)

Nærmiljøanlegg:

Prioritet 1: Lindås Idrettspark nærmiljøanlegg (ny søknad)

.....

Levekårsutvalet - 065/15

LE - behandling:

Orientering til saka v/fagansvarleg Atle Vaage.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Uttale i Levekårsutvalet - 10.11.2015:

Lindås kommune prioriterer dei aktuelle søknadane om spelemidlar for 2016 slik:

Ordinære anlegg:

Prioritet 1: Alversund kunstgrasbane

Prioritet 2: Eikanger Idrettslag, rehabilitering skianlegg Gamlesætra

Prioritet 3: Eikanger Idrettslag, skileikanlegg Gamlesætra

Prioritet 4: Lindås skyttarlag, skytebane

Prioritet 5: Lindås Idrettspark kunstgrasbane med lysanlegg (ny søknad)

Prioritet 6: Lindås Idrettspark delanlegg friidrett (ny søknad)

Prioritet 7: Knarvik Idrettspark, rehabilitering friidrettsanlegg (ny søknad)

Prioritet 8: Storstova Leknes (ny søknad)

Prioritet 9: Fleirbrukshall Alversund (ny søknad)

Nærmiljøanlegg:

Prioritet 1: Lindås Idrettspark nærmiljøanlegg (ny søknad)

Saksopplysningar:
Politisk handsaming

Saka har vore til uttale i Lindås Idrettsråd

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Spelemidlar vert kvart år delt ut til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, frå overskotet til Norsk Tipping.

Lindås kommune skal levera prioritert liste over godkjende søknadar innan 15. januar 2016. Berre søknadar som stettar krava frå Kulturdepartementet kan vera med når kommunen sender inn søkndane.

Framlegget til prioritering av søknadane har vore til uttale hjå Lindås Idrettsråd. Rådet har ikkje kome med merknadar.

I tildelingsrunden 2015 fekk kommunen sluttoppgjer for Lindåshallen med kroner 3 700 000. Vidare har Knarvik IL fått tildelt sluttoppgjer for frisbeegolfbane i Knarvik, med kroner 67 000. Med den potten som er til fordeling av spelemidlar, kan kommunen truleg maksimalt forventast tilsvarende sum for 2016. For alle større prosjekt må det forventast at spelemidlar vert tildelt over fleire år. På grunn av stort etterslep på utbetalingar frå spelemiddel-ordninga, må det påreknast fleire års venting frå eit anlegg er ferdigstilt, til første utbetaling finn stad.

Vurdering

Alversund kunstgrasbane har fått avslag på søknad alle år sidan anlegget stod ferdig, grunna manglande midlar. Bana vert difor føreslått prioritert på førsteplass, for om mogleg å få avslutta prosjektet.

Skileikanlegget på Gamlesætra og skytebana på Lindås vert føreslått prioritert deretter, då dette er søknadar frå idrettslag. Prosjektet på skytebana på Lindås er også ferdigstilt for fleire år sidan, og laget ventar på å få attende midlar som er forskottert. For skianlegget på Gamlesætra kan tilskot frå spelemidlane vera avgjerande for at Eikanger IL kan setja i gang med sine planar.

Kommunen har i 2015 slutført to store rehabiliteringsprosjekt, friidrettsbana i Knarvik og

uteanlegga i Lindås Idrettspark. Desse vert føreslått prioritert etter idrettslaga sine prosjekt.

Planlagte prosjekt Storstova på Leknes og fleirbrukshall i Alversund er prioritert i den rekkjefølgje prosjekta er venta å koma i gang. Det må takast forbehold om at Hordaland fylkeskommune godkjenner at planane for hall i Alversund er kome langt nok til at søknaden kan godkjennast. Det er likevel viktig å søkja, då dei fleste prosjekt må ha lagt i søknadsrunden 4-5 år før ein kan rekna med første utbetaling av spelemidlar.

.....